



TRIVSELSREGLAR NORANE SKULE OG SFO



Ordensreglane gjeld også på arrangement/turar under skulen/SFO si leiing.

PÅ SKULEN OG PÅ SFO VIL ME AT ALLE SKAL TRIVAST, DIFOR MÅ ME ALLE TA VARE PÅ KVARANDRE VED Å VISE OMTANKE OG VERE VENLEGE.

Rettar:

- Alle skal trivast, ingen skal utsetjast for plaging.
- Alle som vil skal få lov til å vera med å leike.
- Du har rett til å ha skulesakene i fred.

Plikter:

- Me helsar høfleg på kvarandre.
- Me takkar når me får noko, eller når nokon gjer oss ei teneste.
- Me svarar kvarandre fint og er hyggelege mot kvarandre. Dette gjeld også på skulevegen.
- Du bidreg sjølv til arbeidsro.
- Du går stille og roleg når du forflyttar deg.
- Du skal ikkje skade andre elevar eller skulen sin eigedom. Elev og foreldre/ føresette kan gjerast økonomisk ansvarlege for skadar elevane valdar.
- Du skal fylgja dei reglane som gjeld for klassen din.
- Du må ikkje forlata skulen sitt område utan løyve. Skulen sitt område er området som er inngjerda, fotballbana og tennisbana. 5., 6. og 7. klasse kan gå runden, samt vere på volleyballbana.
- Du er pliktig til å sei frå til ein vaksen, viss nokon vert plaga.

Fellesreglar:

- Mobbing og erting er ikkje lov.
 - Me skal ikkje banne eller bruke stygge ord til eller om kvarandre.
 - Du rettar deg etter beskjedar frå **alle** vaksne på oppvekstsenteret.
 - Du skal vera ute i pausane, dersom ikkje anna beskjed er gjeven.
 - Når du ventar på bussen heim skal 1.-4.kl stille opp framfor trappa. Ein kø for Slindebussen og ein for Dalabussen. På bussen skal du sitja i ro i setet.
 - Snøballkasting berre på oppsett blinkar.
 - Ikkje-skulerelatert utstyr (mobiltelefon, nettbbrett og liknande) kan kun vere med på skulen dersom du har avtale med lærar.
 - Utstyr du tek med deg på skulen er foreldra sitt ansvar.
 - Bruk av snop er lov *berre* ved spesielle høve.
 - Sykling og rulleskøyter/brett i skuletida er forbode.
- Kontaktlærar kan ved enkelte høve gje løyve. Elevar på mellomtrinnet kan sykle til skulen, dersom foreldre gir skulen skriftleg samtykkje.
- Bruk Visma når du ber eleven fri, og når eleven er sjuk.
 - Kontaktlærar kan gje fri inntil tre dagar.
 - Bruk av rusmiddel og tobakk er forbode på skuleområdet, på veg til og frå skulen og ved arrangement som skulen står føre.

□■■✿●

□○○◆■

Norane

6858 Fardal
Telefon: 57 62 89 30

Den gylne regel :

" Ver mot andre slik du vil at dei skal vera mot deg."